

## Vedtekter for Modalen Kraftlag SA

### §1. Namn.

Kraftlaget sitt namn er Modalen Kraftlag SA, heretter kalla kraftlaget.

### §2. Forretningskontor.

Kraftlaget sitt forretningskontor er i Modalen kommune.

### §3. Føremål

Kraftlaget er et energiverk som skal drive i områda kraftproduksjon, kraftoverføring og kraftomsetning. Kraftlaget skal, i samsvar med allminnelege samvirkeprinsipp, syta for sikker, rasjonell og kostnadseffektiv energiforsyning til sine kundar i konsesjonsområdet, samt det som ellers måtte stå i samband med dette, herunder å ta del i anna verksemd eller tiltak med liknande føremål. Kraftlaget har til hovudformål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmane gjennom deira deltaking i verksemda.

### §4. Kapital og innskot.

Medlemstal og kapital i Kraftlaget er skiftande. Andelsinnsot er kr.500.- for kvar andel. Einkvar fysisk eller juridisk person som oppfyller krava i § 5 har rett til å verta medlem ved å gjera andelsinnskot.

Basert på einskild medlem sitt kraftkjøp i kraftlaget, kan det kvart år delast ut kjøpeutbyte innanfor kraftlaget sitt overskot i og § 9 i vedtektene.

Kjøpeutbyte skal kvart år vedtakast av årsmøtet etter framlegg frå styret.

### §5. Andeleigarar.

Under føresetnad av at ein er kunde i Kraftlaget, er det berre fysiske eller juridiske personar med fast bustad-eller kontoradresse i modalen kommune som kan vera andelseigarar. Folkeregisteret si registrering skal leggjast til grunn for kva som skal reknast som fast bustadadresse. For juridiske personer gjeld opplysningane i firmaattesten om kvar verksemda har sitt hovudkontor. Styret kan be om at det vert lagt fram stadfesting frå folkeregisteret eller firmaattest.

Ein fysisk eller juridisk person kan berre eiga ein andel.

Andelen kan ikkje overdragast eller pantsetjast. Dette omfattar frivillig salg, herunder gåve eller overtaking ved arv, tvangssalg eller annan overgang som ikkje skjer ved avtale. Andelen må i så fall løysast inn av Kraftlaget.

Dersom vilkåra i denne paragraf ikkje lenger er oppfylt, er medlemskapet å sjå på som oppsagt og innskotet skal betalast ut utan ugrunna opphald.

#### §6. Andelseigarane sine rettar og skyldnader m.m

Modalen Kraftlag er eit andelslag med skiftande medlemstal og kapital. Andelseigarane sitt ansvar er avgrensa til det innskotet dei har gjort i laget.

Andelseigarane sine rettar og plikter gjeld frå det tidspunktet andelen vert teikna og opphøyrer når andelen vert løyst inn.

Andelseigarane har til ei kvar tid rett til å sei opp sitt medlemskap. Ved innløysing av andel har andelseigaren rett til sitt nominelle andelsinnskot attendebetalt under føresetnad av at alle krav kraftlaget har på andeleigaren er oppgjort. Kvar andelseigar har ei røyst på årsmøtet i kraftlaget utan omsyn til kor mange anlegg vedkommande har. For fysiske personar gjeld at ein andeleigar kan gje ektefelle eller sambuar fullmakt til å representera seg på årsmøtet.

For juridisk person møter den som er gjeven fullmakt.

#### §7. Styret si samsetjing og arbeidsmåte.

Kraftlaget skal ha eit styre på 5- fem medlemmer. Fire medlemmer og fire ikkje-personlege varamedlemmer skal veljast av årsmøtet. Eitt medlem med personleg varamann skal veljast av og mellom dei tilsette.

Vala gjeld for 2 år om gongen slik at 2 faste medlemmer er på val kvart år. På konstituerande årsmøte skal 2 av medlemmane veljast for eitt år. Dei tilsette vel styremedlem for 2 år om gongen med verknad frå det tidspunktet årsmøte er helde.

Veljast kan den som er myndig og har vore andelseigar frå 1.mai året før. Begge ektefellene kan veljast når ein av dei er valgbær, men dei kan ikkje begge samstundes vera medlem av same organ med mindre den eine ektefellen representerer ein juridisk person. Andelseigarar som har fylt 60 år pliktar ikkje å ta mot val som styremedlem.

Elverksjefen har rett og plikt til å delta i styret sine møter. Han har tale- og framleggsrett, men deltek ikkje i avrøystingar.

Styreleiar kallar inn til styremøter. Styret hel møte etter trong, eller når minst 2 av dei andre styremedlemmene eller elverksjefen krev det.

Styret er vedtaksført når minst 3 av medlemmane er til stades. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Kvart styremedlem har ei stemme. Ved røystjamvekt er det avgjerande kva styreleiar har røysta for.

Styret skal føra møtebok som skal underskrivast av dei som er tilstades.

#### §8. Styret sine oppgåver.

Styret leier kraftlaget si verksemd og tek avgjerd i alle saker som ikkje skal handsamast av årsmøtet, jfr. §12.

Dette medfører m.a. fylgjande oppgåver for styret:

- Tilsetja og sei opp arbeidstakarar i kraftlaget, samt fastsetja løn for desse.
- Leggja fram for årsmøtet årsmelding og rekneskap for føregåande år i samsvar med §9.
- Godkjenna budsjett for kommande år.
- Leggja fram saker for årsmøtet i samsvar med § 12.
- Handsama og avgjera saker som vert lagt fram for styret av administrasjonen, eller saker som styret sjølv tek opp.
- Garantera for tilbakebetaling på kjøp. Styret kan ikkje på førehand garantera tilbakebetaling på kjøp dersom det ikkje er sett av til særskild fond ein sum som minst dekkjer pårekna tilbakebetaling i løpet av året.

#### §9. Årsoppgjør.

Når året er slutt, er det styret sitt ansvar at det vert halde fullt årsoppgjør for føregåande år i samsvar med gjeldane lovgjevning og vedtektene for laget.

Årsrekneskapen skal fylgja dei grunnsetningane som gjeld for god rekneskapskikk.

Det er styret sitt ansvar å sjå til at desse postane og avskrivningane er kostnadsførte:

- Avskrivningar minst i samsvar med ein forsvarleg avskrivningsplan og elles etter gjeldane rekneskapslovgjevning.
- Vedlikehald og mindre innkjøp.
- Verkeleg og pårekna tap på uteståande krav.

Det overskotet ein får etter desse frådraga skal nyttast etter nærare styre- og årsmøtevedak til:

- Avsetjing til reservefond med minst 25% av overskotet.
- Utbetaling av kjøpeutbytte. Kjøpeutbytte er avgrensa over til 2/3 av årsoverskotet. Årsmøtet kan ikkje fastsettja høgare kjøpeutbytte enn det styret har tilrådd.
- Frie fond.

#### §10. Dagleg leiar

Kraftlaget skal ha dagleg leiar. Tittel skal vera "elverksjef".

Elverksjefen har ansvar for leiinga av kraftlaget. Overmontør/maskinmester har ansvaret for den daglege operative drifta av Kraftlaget sine anlegg.

Styret tilset elverksjef.

### §11. Signatur.

Styreleiar saman med eit styremedlem signerer på vegne av kraftlaget. Styret kan tildela prokura.

### §12. Årsmøtet.

Årsmøtet er Kraftlagets øvste organ. Ordinert årsmøte skal heldast innan 30. juni kvart år. Ekstraordinært årsmøte skal heldast når styret finn det naudsynt eller når minst 1/10 av andelseigarane krev det.

Innkallinga til årsmøtet skal kunngjerast i lokalpressa, seinast 14 dagar før møtedato. Årsmøtet skal dessutan kunngjerast ved oppslag på vanlege oppslagsstader i Modalen.

Saker som skal leggjast fram for årsmøtet må vera styret i hende seinast 1. mars.

Ordinert årsmøte skal:

1. Fastsettja resultatrekneskap, balanse og årsmelding, herunder bruk av årsoverskot eller dekning av årsunderskot.
2. Velja styremedlemer og varamedlemer.
3. Velja styreleiar og nestleiar for eit år om gongen.
4. Velja valnemd.
5. Velja revisor når det er naudsynt.
6. Handsama andre saker som er nemnt i innkallinga eller som etter vedtektene skal avgjerast av årsmøtet.

Saker som skal handsamast av årsmøtet, skal leggjast ut til gjennomsyn seinast 1 veke på førehand på fylgjande stader.

- Modalen kommune, kundetorget
- Coop Modalen , Mo
- Coop Modalen , Øvre Helland

### §13. Valnemd

Kraftlaget skal ha ei valnemd med 3 medlemer. Kvar av medlemmane har ei funksjonstid på 3 år, og ein er på val kvart år. Reglane i § 7 om kven som kan velgjast gjeld tilsvarande for valnemda. Valnemda vel sjølv leiar for eit år om gongen.

Valnemda si tilråding skal leggjast ved innkalling til årsmøtet, og skal innehalda fylgjande:

- Framlegg til nye styre- og varamedlemer.
- Framlegg til nye medlemer i valnemda.
- Framlegg til godtgjering for tillitsverv.

Innstruks for valnemda skal godkjennast av årsmøtet.

§14. Vedtektsendringer

Framlegg til vedtektsendringer må sendast styret innan 1. januar. Styret gjev tilråding, og legg saka fram for årsmøtet.

Det er årsmøtet som gjer vedtak om endring av vedtektene. For lovleg vedtak krevst det minst 2/3 fleirtal mellom dei gjevne røystene. Vesentlege vedtektsendringer krev fire femdels flertal av dei røystene som er gitt.

§15. Oppløysing.

Avgjerd om oppløysing av kraftlaget skal gjerast av årsmøtet. For lovleg vedtak krevst det 4/5 fleirtal av røystene, og at anten dei som røyster for oppløysing representerer 4/5 av andelseigarane, eller at vedtak vert gjensteke på nytt årsmøte med same fleirtal. Det nye årsmøtet skal kallast inn i samsvar med § 12.

Ved oppløysing eller sal av kraftlaget, skal laget sine midlar settjast inn på ein særskild konto i Modalen kommune. Kraftlaget sine medlemmer har rett til å få utbetalt sine andelsinnskott og inneståande på medlemskapitalkonti, dersom det er midlar i kraftlaget etter at foretaksskyldnadene er dekte. Gjenverande midler utover dette kan berre nyttast til allmenntytige formål i Modalen etter vedtak i kommunestyret.

Dersom Modalen kommune ved oppløysing av Kraftlaget er slått saman med ein eller fleire andre kommunar, avgjer årsmøtet korleis laget sine midlar skal nyttast.

§16. Usemje.

Usemje om korleis vedtektene skal oppfattast, skal avgjerast med bindane verknad av ein valdgiftrett med 3 medlemmer oppnemnt av Nordhordaland heradsrett. Valgiftsretten avgjer kven som skal betala kostnadane.

§17. Anna.

Det vert elles vist til vanlege samvirkeprinsipp og bestemmelsene i samvirkelova.